

---

**Fra:** Tveit Vigdis <vigdis.tveit@vegvesen.no>  
**Sendt:** torsdag 4. juli 2019 15:06  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Einar Rydland  
**Emne:** Svar til protokoll etter oppmålingsforretning - gnr. 172 bnr. 4 i Lindås kommune - ArkivsakID 2019/1697

Vi viser til motteken protokoll i saka.

Vi var ikkje varsla til forretninga, og må derfor gi vår uttale no i etterkant.

Vi ser at protokollen set grenseavstand mot fylkesvegen til 3 meter. Vi finn ikkje grunnlag for denne grenseavstanden i våre arkiv. Vi er likevel klar over at det er kommunane som har stått for erverv av grunn til fylkesvegar heilt fram til sist på 1980-talet, og ber om at kommunen oversender dokumentasjon for 3-meter-avstanden dersom dei har slikt.

Dersom kommunen ikkje har dokumentasjon på erverv, må vi halde oss til situasjonen den gong vegen vart etablert. Avlevering for denne delen av Fv.401 viser at vegen vart bygd etter veglova av 1912 med planeringsbreidde på 4 meter pluss kurveutvidingar. På staden er det både kurve og mange avkøyrslar. Likvel er ikkje vegen grunnleggande utvida i forhold til dei 4 meterane (pluss kurveutviding) som var opplyst i avleveringa. Veglova av 1912 seier at grense mellom veggrunn og privat grunn skal gå 1,5 meter frå ytterste vegkant.

Dersom kommunen ikkje har dokumentasjon som tilseier anna, vil vi be om at grense langs fylkesvegen blir endra til å ligge 1,5 meter frå ytterste vegkant.

Med helsing  
Vigdis Tveit

Statens vegvesen, Ressursavdelinga, Eigedomsseksjonen  
**Kontoradresse:** Nygårdsgaten 112, BERGEN  
**Mobil:** +47 99575634 **epost:** [vigdis.tveit@vegvesen.no](mailto:vigdis.tveit@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **epost:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

---

**Fra:** Einar Rydland <[EIR@lindas.kommune.no](mailto:EIR@lindas.kommune.no)>  
**Sendt:** torsdag 4. juli 2019 13:36  
**Til:** Firmapost-Vest <[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)>  
**Emne:** Prokoll + kart Gnr 172 bnr 4 i Lindås

Protokoll for gjennomført oppmålingsforetning av 28.06.2019

**Einar Rydland** | Avding

**E-post:** [eir@lindas.kommune.no](mailto:eir@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 91366665  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

